

Til adressatar i samsvar med liste

Stavanger, 07. Mai 2020

MELDING OM IGANGSETTING AV REGULERINGSARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM

Prosjektil Areal AS gjev med dette i samsvar med plan- og bygningslovas § 12-8, melding om at følgande reguleringsarbeid blir satt i gang:

Plan 1180 – Detaljregulering for Njølstad

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for nye næringsområde, og auke produksjonen til eksisterande masseuttak innanfor planområdet. Areala for masseuttak vil i hovudsak gjerast om til næringsområde over tid. Deler av området som i dag nyttast som masseuttak vil tilbakeførast til jordbruksareal.

Planområdet er lokalisert på Njølstad, i nordlege delar av Hå kommune, på grensa mot Time kommune. Planområdet er på ca. 153 000 m², og omfattar i hovudsak eigedommane gbnr. 29/2, 29/10 og delar av 29/5. I tillegg til delar av eigedommane gbnr. 30/3 i Hå kommune og 62/15 og 62/19 i Time kommune, som er medtatt med tanke på mogleg behov for utbetring av åtkomst og ivaretaking av friskt. Dersom det i planarbeidet visar seg å ikkje vere naudsynt med utbetring av avkøyrse vil planområdet innskrenkast. Plangrense vises i vedlagte kart.

Planområdet er i gjeldande kommuneplan for Hå disponert til framtidig og nåverande næringsområde, samt område for råstoffutvinning. Planområdet er i hovudsak regulert til industri, kombinerte formål steinbrot/masseuttak og jordbruk/masseuttak. Mindre delar av planområdet er ikkje regulert. Følgande reguleringsplanar inngår i planområdet:

- Plan 1001 – Reguleringsplan for industriområde på Njølstad
- Plan 1024 – Reguleringsplan for masseuttak/steinbrot på Gausland
- Plan 1062 – Masseuttak/Steinbrot på Gausland
- Plan 1153 – Steinbrot/masseuttak på Gausland, sør for Nærbø

Ansvarleg myndigheits vurdering av KU-plikt er at planarbeidet utløysar krav om KU, og forslag til planprogram sendes på høyring og blir utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslovas § 12-9. Forslag til planprogram er vedlagt.

Planoppstart er og kunngjort på Hå kommune sine heimesider: www.ha.no under Reguleringsplanar. Der finn en også planinitiativ og referat frå oppstartsmøte.

Merknader, spørsmål og kommentarer kan sendast til:

Prosjektil Areal AS, Bjødnabeen 4, 4031 Stavanger, eller e-post:

marie.mjaaland@prosjektil.no **innan 19. juni 2020**, med kopi til Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 Varhaug eller til post@ha.kommune.no.

Det blir også høve til å uttale seg til planforslaget under offentlig ettersyn etter førstegongs handsaming.

Ein ber om at eventuelle leigetakarar blir informert om planarbeidet.

Med venleg helsing
PROSJEKTIL AREAL AS

Marie Mjaaland
Tlf. dir: 977 54 658
E-mail: marie.mjaaland@prosjektil.no

Vedlegg: Kart med plangrense i M=1:5000
Forslag til planprogram

Kopi: Risa AS v/ Siv Vaka Anfinnsen
Hå kommune, planavd.